



Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER
Att: fylkesdirektør for næring

Vår ref. 12/645-13	Dykkar ref.	Sakshandsamar Arild Ingar Lægreid	Direktenr 57665005	Arkiv K1-243	Dato: 03.02.2014
-----------------------	-------------	---	-----------------------	-----------------	---------------------

Omstillingsløyving 2014

Vi viser til fylkesdirektøren si tilråding til Hovudutval for plan og næring sak 0015/14, der Årdal sin søknad får slik tilråding:

Søknaden frå Årdal kommune om 1 mill. kr til prosjektet «Framtidige stabile og robuste arbeidsplassar i Årdal» fase 2, vert overført til handsaming i omstillingsstyret i Lærdal innfor ramma ikkje spesifiserte prosjekt Lærdal/Årdal 2014. Fase 1 må vere avslutta før ein tek stilling til deltaking i fase 2.

Ut frå tilrådinga får vi inntrykk av at fylkesdirektøren legg meir i samarbeidet mellom Årdal og Lærdal enn det det er grunnlag for. Vi vil gjerne presisere Årdal sin intensjon i dette samarbeidet:

1. Årdal kommune har hatt omstillingserfaring, og er positiv til å formidle erfaringane våre til Lærdal. Dette vert gjort ved at ordføraren i Årdal kommune er medlem i omstillingsstyret i Lærdal.
2. Leiar i Lærdal Næringsutvikling er invitert til samarbeid med leiar i Årdal Utvikling. Dette konkretiserer seg i samarbeid på prosjekt mot bedrifter som er forankra i begge kommunar
3. Årdal kommune og Årdal Utvikling deltek på erfaringsseminar som Lærdal kommune arrangerer
4. Årdal kommune deltek også aktivt inn mot fellesprosjekt som vart definert i innleiinga av samarbeidet. Døme på slikt prosjekt er utvikling av lokalsjukehuset i Lærdal og lokalmedisinsk senter. Kommunen er og aktivt med på eit teknologisamarbeid med Helse Førde.
5. Samansetjinga av omstillingsstyret og dei administrative ressursane i omstillingsarbeidet i Lærdal viser at dette er Lærdal sitt prosjekt, då det også berre er Lærdal som har omstillingsstatus.

Som dokumentert i søknaden, er det ingen kommune i Sogn og Fjordane som har større omstillingsutfordringar enn Årdal. På dei to siste åra har kommunen mista 365 industriarbeidsplassar. Dette er ei utfordring for Årdal, men ei minst like stor utfordring for Sogn. Utan det store næringslivet i Årdal, vil heile verdiskapingsbransjen industri bli utradert i Sogn.

Å flytte ansvaret for dei store omstillingsutfordringane i industrien til Lærdal kommune vert slik vi oppfattar det feil, og i strid med intensjonane i samarbeidet mellom kommunane. Vi trur at eit slikt prosjekt er best tent med å vere forankra i Årdal, og for Lærdal er det viktig at dei får ein sjanse til å ha fokus på sine egne utfordringar. Samarbeidet vi har med Lærdal sikrar likevel at prosjekt vi har i vårt arbeid, heile tida vert testa opp mot mogelege felles satsingar med Lærdal. Omsynet til felles arbeidsmarknad ligg såleis godt til rette i det samarbeidet kommunane har inngått. Eit godt døme på dette at koplinga vi no gjer mellom teknologimiljøa i Helse Førde og teknologimiljøa i industrien i Årdal.

Viss Årdal sine omstillingsutfordringar skal forankrast i Omstillingsstyret i Lærdal, må heile grunnlaget for samarbeidet omdefinierast, og begge kommunane må få omstillingsstatus. Samansetnaden av omstillingsstyret må då attspegle kommunane sin storleik og næringsstruktur. Storleik og organisering av omstillingsorganisasjonen må og diskuterast grundig. Vår erfaring er at midlane Lærdal har fått tildelt i omstillingsarbeidet, treng dei til å drive fram heilt naudsynte prosjekt Lærdal vil ha nytte av. Det er ikkje rom for at Årdal kan melde seg på for å kjempe om sin del, innafor den ressursramma Lærdal har fått tildelt.

Årdal kommune ber difor om at

1. søknaden frå kommunen vert handsama, då vi treng midlar for å ha framdrift i omstillingsarbeidet i Årdal.
2. kommunane og fylkeskommunen møtest for å få diskutert seg fram til ei felles forståing av det etablerte samarbeidet mellom Årdal og Lærdal

Med helsing

Årdal kommune



Arild Ingar Læg Reid

Ordførar

57665005

arild.ingar.laegreid@ardal.kommune.no

Kopi til:

Lærdal kommune

Postboks 83

6886 LÆRDAL

Fylkesordførar

Leiar Hovudutval plan og næring